



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 18.02.2010
Møtetid: 14:00 - 19.55
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Marion Langhelle Pedersen Frp Sigmund Dyrhovden Krf.	Tyra Pedersen Frp Ove Aasebø Krf møtte under sak 02/10 og fekk deretter permisjon frå møtet.

Andre som var til stades på møtet:

Tone Ramsli – rådmann under heile møtet.
Hilde Lill Våge – assisterande rådmann under heile møtet.
Magda Haugen – politisk sekretær under heile møtet.
Ivar Erstad – leiar for teknisk eining under sak.nr. 02/10 og 04/10
Karin Steinsland – pedagogisk konsulent under sak.nr. 02/10
Jon Inge Sandvik – avdelingsingeniør under sak nr. 06/10
Johannes Tysseland – leiar for Kultureininga under sak nr. 02/10

Merknader:

- **Sture Tveit H** sette fram spørsmål til ordføraren om kommunestyret kunne få stemma over om saka om skulebruksplan kunne takast opp til ny handsaming i kommunestyret. Ordføraren stilte seg positiv til dette, og kommunestyret hadde avrøysting over dette til sist i møtet. Avrøystinga vart slik: 9 representantar røysta for at saka skulle handsamast på nytt medan 11 røysta mot å ta saka opp att på nytt. Vedtaket om å slå saman barneskulane på Gjerde og i Nordbygda i sak nr. 57/09 vert dermed ståande
- Grunna utfallet i sak 02/10 var det semje i kommunestyret om at sak 03/10 skulle trekkjast frå saklista. Kommunestyret vil få denne saka opp på møtet i april 2010.

Orienteringar/meldingar:	
Spørsmål/interpellasjonar:	<ul style="list-style-type: none">• Grunngjeve spørsmål frå Samnanger Senterparti v/ Helga Nygård og Øyvind Røen om legevaktsamarbeidet mellom Samnanger og Os kommunar.
Dokument utlevert i møtet:	

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 03.03.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/10	10/90	Faste saker	
002/10	09/17	Fleirbrukshall i Samnanger	
003/10	09/692	Styringsgruppe og organisering av arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger	Saka vart trekt
004/10	09/562	Nytt regulativ for avgifter teknisk sektor og fastsetting av prisar for 2010	
005/10	09/565	Festeavgift 2010 - Ny handsaming	
006/10	09/651	Finansiering miljøgata Ytre Tysse	
007/10	09/221	Samnanger kyrkje - Nybygg, pauserom og toalett til tilsett - søknad om tilleggsøyving	Ikkje offentleg, ref. Off.lova § 23
008/10	09/210	Kommunale vegar	

SAKNR. 001/10 FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande endringar: Sak 2 og 3 vert handsama før faste saker.
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent med merknad frå **Jon Magne Bogevik Frp**:
 - Han kunne ikkje sjå at protokollen frå førre kommunestyremøte (desember 09) var ført slik han hadde bede om.
 - Han meinte at kommunestyret tidlegare hadde vorte samde om at det ved stemmegjeving skulle koma fram kven av medlemmene som hadde stemt for dei ulike framlegga. Bogevik ba om at denne praksisen måtte gjelda.
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Skriv og meldingar vart handsama etter sak 03/10.

- **Økonomisjef Nina Erdal** orienterte om den økonomiske situasjonen for kommunen. Mellom anna resultatet for 2009.
- **Ordføraren** orienterte om sjukefråveret for tilsette i Samnanger kommune som har gått betydeleg ned i 2009.
- **Sture Tveit H** orienterte om ein fylkeslandbrukskonferanse som hadde vore på.

Møtet vart lukka under sak 07/10

KS-001/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande endringar: Sak 2 og 3 vert handsama før faste saker.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent med merknad frå **Jon Magne Bogevik Frp**:
 - Han kunne ikkje sjå at protokollen frå førre kommunestyremøte (desember 09) var ført slik han hadde bede om.
 - Han meinte at kommunestyret tidlegare hadde vorte samde om at det ved stemmegjeving skulle koma fram kven av medlemmene som hadde stemt for dei ulike framlegga. Bogevik ba om at denne praksisen måtte gjelda.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/10

FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Leiar av teknisk eining gav ein presentasjon av saka før drøftingane tok til.

Marit A Aase sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert lokalisert på Bjørkheim. (Jmf. kart av 15.01.2010).

Det vert utarbeidd ein områdeplan avgrensa til område mellom avkøyringa til Lauvskar og avkøyringa til Nordbygda skule.

Kommunestyret får seg førelagd ei sak til neste møte der ein skal ta stilling til mandat, organisering og framdrift for arbeidet. Kostnader og finansiering samt kva funksjonar som er aktuelle å ha i Samnangerhallen skal inngå i saksutgreiinga.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området Bjørkheim/Lauvskar/Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.

Øyvind Røen, Jon Magne Bogevik og Vidar R Rolland sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Dette inneber at det ikkje er mogleg å nytta fleirbrukshallen som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Dermed må skulestrukturen i Samnanger takast opp på nytt i kommunestyret.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området Bjørkheim/Lauvskar/Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.

3 røysta for framlegget frå Røen m.fl og 2 for framlegget frå Aase. Framlegget frå Røen vart då vedteke.

PØ-002/10 VEDTAK:

Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Dette inneber at det ikkje er mogleg å nytta fleirbrukshallen som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Dermed må skulestrukturen i Samnanger takast opp på nytt i kommunestyret.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området Bjørkheim/Lauvskar/Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Leiar for teknisk eining Ivar Erstad ga saman med **pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland** ein presentasjon av saka før drøftingane tok til.

Bright Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak (same framlegg som kom frå Marit A. Aase Krf. I PØ og som då fall):

”Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert lokalisert på Bjørkheim.(Jmf. Kart av 15.01.2010).

Det vert utarbeidd ein områdeplan avgrensa av område mellom avkøyringa til Lauvskar og avkøyringa til Nordbygda skule.

Kommunestyret får seg førelagd ei sak til neste møte der ein skal ta stilling til mandat, organisering og framdrift for arbeidet. Kostnader og finansiering samt kva funksjonar som er aktuelle å ha i Samnangerhallen skal inngå i saksutgreiinga.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal kommunen skal området Bjørkheim / Lauvskar / Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.”

Øyvind Røen Sp sette fram følgjande fellesframlegg til vedtak frå partigruppene **Bygdalista, Framstegspartiet, Høgre og Senterpartiet**:

”Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall- Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Det er viktig at hallen vert plassert slik at det er mogleg å leggja idrettsbane og framtidige skulebygg ved sida av.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området frå Bjørkheim til Haukaneset vurderast med tanke på næring, offentlege føremål og bustader.

Fleirbrukshallen skal ikkje brukast som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Planane for skulestrukturen i Samnanger vert difor endra:

- 1. Ungdomsskulen vert liggjande på Tysse.*
- 2. Administrasjonen arbeider vidare med planane for å samla alle elevane i barneskulen på Gjerde skule og legg fram sak for kommunestyret om dette.*
- 3. Nordbygda skule skal drivast til skulen på Gjerde har fått permanente bygningar med plass til alle elevane i 1.-7. Klasse.*

Administrasjonen lagar framlegg til endringar i budsjett og økonomiplan i samsvar med dei nye planane for skulestruktur. Kommunestyret vedtek endringane på møtet i april.”

Møtet vart mellombels heva kl. 16.08

Møtet vart sett att kl 16.32

Ordføraren orienterte om at ho ikkje ville la kommunestyret realitetshandsama dei to siste punkta i fellesframlegget frå Øyvind Røen med fleire. Ho viste til § 34 i kommunelova.

Ordføraren ba om gruppemøte for å sjå om det kunne koma til ei semje om korleis dei ulike framlegga kunne leggjast fram slik at kommunestyret kunne handsama saka, og møtet vart heva kl.16.40

Møtet vart sett att kl. 17.05.

Sture Tveit H sette på vegne av Bygdalista, Frp, Høgre og Senterpartiet fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Det er viktig at hallen vert plassert slik at det er mogleg å leggja idrettsbane og framtidige skulebygg ved sida av.

Det vert utarbeidd ein områdeplan for området mellom bussgarasjen i Haukaneset og avkøyringa til Nordbygda skule.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området frå Bjørkheim til Haukaneset vurderast med tanke på næring, offentlege føremål og bustader.

Fleirbrukshallen skal ikkje brukast som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Planane for skulestrukturen i Samnanger vert difor endra.

Ungdomsskulen vert liggjande på Tysse.”

Olauq Øystese Ap ba om gruppemøte. Møtet vart heva kl. 17.44.

Møtet vart sett att kl. 1750.

Røysting:

Det vart røysta over lokalisering av ungdomsskulen, dvs. siste del av framlegget til Sture Tveit m.fl. sett opp mot vedtaket i kommunestyret 10.12.2009 om at ungdomsskulen skulle lokaliserast til Nordbygda.

12 røysta for framlegget frå Sture Tveit som dermed vart vedteke. 9 røysta for å oppretthalda vedtaket frå desember 2009.

Det vart røysta over første del av framlegget frå Sture Tveit m.fl. og framlegget frå Brigte Olav Gåsdal. 12 røysta for framlegget frå Tveit m.fl. som dermed vart vedteke. 9 røysta for framlegget frå Gåsdal.

Møtet vart sett att kl. 18.20

KS-002/10 VEDTAK:

”Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Det er viktig at hallen vert plassert slik at det er mogleg å leggja idrettsbane og framtidige skulebygg ved sida av.

Det vert utarbeidd ein områdeplan for området mellom bussgarasjen i Haukaneset og avkøyringa til Nordbygda skule.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området frå Bjørkheim til Haukaneset vurderast med tanke på næring, offentlege føremål og bustader.

Fleirbrukshallen skal ikkje brukast som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Planane for skulestrukturen i Samnanger vert difor endra.

Ungdomsskulen vert liggjande på Tysse.”

Ove Aasebø Krf. fekk permisjon og gjekk frå møtet kl. 18.25. Kommunestyret telde då 20 medlemmer.

SAKNR. 003/10

STYRINGSGRUPPE OG ORGANISERING AV ARBEIDET MED NY SKULESTRUKTUR I SAMNANGER.

Saka vart trekt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område. Mandatet til prosjektgruppa er vedtak i sak 57/09: Framtidig skulestruktur i Samnanger, langsiktig og kortsiktig løysing.

PØ opprettar ei gruppe som for ansvar for namn på barneskulen.

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen sette fram slikt framlegg til vedtak.

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg til vedtak og Røen sitt framlegg. 3 røysta for framlegget frå Røen og vert vedteke. 2 røysta for framlegget frå rådmannen.

PØ-003/10 VEDTAK:

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-003/10 VEDTAK:

Saka vart trekt.

SAKNR. 004/10

NYTT REGULATIV FOR AVGIFTER TEKNISK SEKTOR OG FASTSETTING AV PRISAR FOR 2010

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen la fram eit tillegg som omhandlar betaling for sal av kart og informasjon.

Utvalet ga uttrykk for uro over den store veksten i gebyra, men dei held fast på at Samnanger kommune skal nytta sjølvkostprinsippet. Det vert derfor viktig at administrasjonen har kontroll med utgiftene og fordeler dei riktig innan dei ulike områda.

Utvalet vedtok samrøystes regulativ og satsar i samsvar med vedlegg dagsett 22.01.2010

PØ-006/10 VEDTAK:

Samnanger kommune nyttar sjølvkostprinsipp for fastsetjing av gebyra.

Regulativ og satsar for 2010 dagsett 22.01.2010 vert vedteke.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Bjørn Sævild Bl sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"1. Oppretting av matrikkeleining

1.1 Grunneigedom / festegrunn: areal 0-2000 kvadratmeter kr. 11.100,-

1.2 Areal 0-2000 kvadratmeter kr.11.100,-"

PØ sitt framlegg til vedtak med tillegg av framlegg til vedtak frå **Bjørn Sævild Bl** fekk 17 stemmer og vart vedteke. 3 stemde i mot.

KS-004/10 VEDTAK:

*Samnanger kommune nyttar sjølvkostprinsipp for fastsetjing av gebyra.
Regulativ og satsar for 2010 dagsett 22.01.2010 vert vedteke.*

Med følgjande endringar:

”1. Oppretting av matrikkeleining

1.1 Grunneigedom / festegrunn: areal 0-2000 kvadratmeter kr. 11.100,-

1.2 Areal 0-2000 kvadratmeter kr.11.100,-”

SAKNR. 005/10**FESTEAVGIFT 2010 - NY HANDSAMING****28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for å endra festeavgifta for ein del gravar slik soknerådet har tilrådd.

PØ-007/10 VEDTAK:

Det vert kravd 25% avgift for graver som ikkje kan brukast om att på grunn av omregulering av gravplassen.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ og dette vart samrøystes vedteke.

KS-005/10 VEDTAK:

Det vert kravd 25% avgift for graver som ikkje kan brukast om att på grunn av omregulering av gravplassen.

SAKNR. 06/10**FINANSIERING HØGDEBASSENG YTRE TYSSE****04.02.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg

Høgdebasseng og VA Ytre Tysse vert finansiert med eit eksternt låneopptak på inntil kr 4.830.000.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-010/10 VEDTAK:

Høgdebasseng og VA Ytre Tysse vert finansiert med eit eksternt låneopptak på inntil kr 4.830.000.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Avdelingsingeniør Jon Inge Sandvik gjorde nærare greie for saka.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ og dette vart samrøystes vedteke.

KS-006/10 VEDTAK:

Høgdebasseng og VA Ytre Tysse vert finansiert med eit eksternt låneopptak på inntil kr 4.830.000.

SAKNR. 007/10

SAMNANGER KYRKJE - NYBYGG, PAUSEROM OG TOALET TIL TILSETT - SØKNAD OM TILLEGGS LØYVING

(Saka inneheld dokument som er unnatekne frå offentleg innsyn, ref. Offentleglova § 23)

04.02.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil kr 400.000 til fullfinansiering av nytt kyrkjegardsbygg for tilsette ved kyrkjegarden i Samnanger. Pengane vert å ta frå:

- Kr 225.000 næringsfondet
- Kr 175.000 disposisjonsfondet

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-012/10 VEDTAK:

Det vert løyvd inntil kr 400.000 til fullfinansiering av nytt kyrkjegardsbygg for tilsette ved kyrkjegarden i Samnanger. Pengane vert å ta frå:

- Kr 225.000 næringsfondet
- Kr 175.000 disposisjonsfondet

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Møtet vart ført for lukka dører jfr. § 23 i off.lova.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ og dette vart samrøystes vedteke.

KS-007/10 VEDTAK:

Det vert løyvd inntil kr 400.000 til fullfinansiering av nytt kyrkjegardsbygg for tilsette ved kyrkjegarden i Samnanger. Pengane vert å ta frå:

- *Kr 225.000 næringsfondet*
- *Kr 175.000 disposisjonsfondet*

SAKNR. 008/10

KOMMUNALE VEGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Naturutvalet sitt vedtak sak 007/10

03.02.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saka inngåande. Det vart sett nærare på dei ulike kriteria. Spørsmål om kva kommunen ville spara med å privatisera dei ulike vegane vart drøfta. Det same vart spørsmålet om rettferd og om kva som var mogleg for dei einskilde oppsitjarane å ta hand om – lange vegar med få oppsitjarar -.

Naturutvalet konkluderte med at det vil vera svært vanskeleg for kommunane å privatisera dei vegane som kostar kommunen mykje. Dette er vegar som er lange og dei krev mykje vedlikehald særleg på vinterstid. Det bur også relativt få innbyggjarar langs desse vegane. Dei økonomiske innsparingane særleg på vintervedlikehaldet er reeltivt liten på dei vegane som er mest aktuelle å privatisera. Utvalet vedtok samrøystes å rå kommunestyret til at det ikkje vert gjort endringar i statusen for dei kommunale vegane.

NAT-007/10 VEDTAK:

Vurderingane av dei valde kriteria sett opp mot det som er mogleg å påleggja oppsitjarane av kostnad og ansvar og den økonomiske innsparinga som kan forventast tilseier at det ikkje vert føreteke omklassifisering av dei kommunale vegane.

Naturutvalet sitt vedtak sak 040/09

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden sette fram framlegg om at saka vert utsett til neste møte.

VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå Naturutvalet. Dette vart samrøystes vedteke.

KS-008/10 VEDTAK:

Vurderingane av dei valde kriteria sett opp mot det som er mogleg å påleggja oppsitjarane av kostnad og ansvar og den økonomiske innsparinga som kan forventast tilseier at det ikkje vert føreteke omklassifisering av dei kommunale vegane.

